



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal/samfunnsplanavdelinga  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/754 - 14/3248

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

[lillian.s.brakstad@meland.kommune.no](mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no)

Dato:

06.03.2014

## Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø for riving av hytte og oppføring av ny hytte, samt rehabilitering/utviding av naust på Refskar, gnr 38 bnr 23.

Det vert vist til søknad motteke 17.02.2014 frå Arkoconsult AS - ansv. søkjar (tiltakshavar Per Storli) om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet mot sjø for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte, samt rehabilitering og utviding av eksisterande naust på Refskar, gnr 38 bnr 23.

### Plangrunnlag

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde).

### Søknad om dispensasjon.

Det vert i skriv d. 16.01.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til søknaden i sin heilheit.

### Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 20.01.2014. Det er ikkje motteke merknad til nabovarselet

### Kommuneplanen og lovgrunnlaget.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.

I LNF sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring.

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Omsøkt tiltak gjeld riving av eksisterande hytte og oppføring av ny, samt rehabilitering/utviding av eksisterande naust. Tiltaket endrer ikkje på arealbruken i høve til kommuneplanen.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

**Vedlegg:**

søknad om dispensasjon for riving og gjenoppføring av hytte  
Vedlegg